

# CARTE BLANCHE

NORGES NASJONALE KOMPANI  
FOR SAMTIDSDANS



WHILE THEY  
ARE FLOATING

MAGASIN 5, 2017

**Ansvarlig utgiver:**

Carte Blanche/Hooman Sharifi

**Redaksjonen:**

Melanie S. Fieldseth

Jonas Sharif Hordvik

Kristin Lytskjold Raknes

**Bidragstere:**

Odveig Klyve. Oversatt av John Irons

**Foto:**

Thor Brødreskift (omslag)

Helge Hansen (portretter)

**Dansere:**

Adrian Bartczak, Caroline Eckly, Daniel Mariblanca, Dawid Lorenc, Einar Nikkerud, Judith Arupa, Mathias Stoltenberg, Jack Lorentzen, Yousef Sbieh, Guro Rimeslåttén, Ole Martin Meland, Olha Stetsyuk, Noam Eidelman Shatil og Anne Lise Rønne.

**Design:**

Knowit Experience

**Trykk:**

Molvik Grafisk AS

**Kontakt:**

Carte Blanche

Nøstegaten 119, 5011 Bergen

**T** +47 55 30 86 80

**E** info@ncb.no

**W** carteblanche.no

**Følg oss:**

[facebook.com/CarteBlancheNorway](https://facebook.com/CarteBlancheNorway)

[youtube.com/carteblanche08](https://youtube.com/carteblanche08)

[twitter.com/CarteBlancheNO](https://twitter.com/CarteBlancheNO)

[carteblanche.no/nyhetsbrev](https://carteblanche.no/nyhetsbrev)

[instagram.com/carteblancheno](https://instagram.com/carteblancheno)

WHILE THEY  
ARE FLOATING

# MAGASIN 5

Magasin 5 handler om forflytning. Som tidligere har vi invitert skribenter med forskjellige perspektiver og erfaringer til å reflektere over temaet. Det har resultert i mange fine tekster som du kan lese i det neste magasinet, magasin 6. Denne gangen har vi imidlertid bestemt oss for å vie magasin 5 til «Ni reiser», tekster basert på fortellingene til ni flyktninger som forfatter Odveig Klyve møtte til samtaler i løpet av mars 2017. De er korte, men sterke historier om mennesker som bærer med seg opplevelsen av flukt i kropp og sinn og lengselen etter et sted der de kan høre hjemme. Fortellingene ledsages av bilder av gjenstander som danserne i Carte Blanche forbinder med «hjem».

# OM VÅRE MAGASIN

Dette magasinet inneholder tekster som tar for seg den samme tematikken som denne produksjonen springer ut fra. Slik kan magasinet fungere som en døråpner til forestillingen og gi deg flere tolkningsmuligheter, eller forestillingen kan være introduksjonen til tekstene og gi farge til tankene du har gjort deg om dansen. Sammen utgjør forestillingen og magasinet et kor av stemmer som vi håper vil utgjøre en større helhet, skape dialog og forlenge ditt minne om kunsten.



**ADRIAN BARTCZAK**

My two cats are the first beings I feel completely responsible for. I have a feeling they were always with me.

# NI REISER

**Odveig Klyve**

*Tekstar basert på  
samtalar med  
asylsøkarar og flyktningar  
i Norge, våren 2017.*

#### **ODVEIG KLYVE**

er forfattar og filmskapar. Ho har skriva ni diktsamlingar. Dikta hennar er omsett til mange språk. Klyve har hatt manus og regi på kortfilm som er inviterte til internasjonale filmfestivalar i Europa, USA og India.

# EG HAR BERRE DETTE LIVET

**Odveig Klyve**

*Mann, 41 år,  
frå Kurdistan,  
14 år i Norge,  
avslag på asylsøknad.*

Dei beste barndomsminna mine har med snø å gjera. I landet mitt kunne det vera svært kaldt, kaldare enn her. Heilt ned i 40 kuldegrader om vinteren var vanleg. Og snø. Vi laga løyper i snøen og aka i lange rekkjer, mange barn etter kvarandre. Vi kunne leika midt i byen. Det var ikkje så mange bilar på den tida.

Om sommaren var det svært varmt. Då drog vi ofte ut av byen. Det var så grønt over alt, grønne skogar, grønne marker, klart vatn og skinande fjell. Vi drog til landsbyane. Landsbyfolk er gjestmilde. Eg hugsar dei søte, saftige tomatane dei gav oss. Dei dyrka alle slags grønsaker der.

Eg vaks opp i ein stor by. Vi budde i eit hus som bestefar min sjølv hadde bygd av stein og sement. Det var det einaste huset med to etasjar i det området. I fyrste etasje var det kjøkken, stove og to soverom. I andre etasje var det òg eit kjøkken, og fire andre rom. Brørne mine og eg delte eitt soverom. Vi hadde god plass til gjester. Det var alltid mange på besøk, familie og vener. Nokre kom reisande, andre, slik som besteforeldra mine og fleire onklar og tanter, budde i nabolaget og kom berre innom. Eg hugsar måltida, latteren, dei høgroysta diskusjonane.



Familien min var respektert. Men som kurdarar, følte vi oss okkuperte av Iran. Vi fekk ikkje bruka kulturen vår, ikkje snakka morsmålet vårt ute i samfunnet, i det offentlege livet, på skulen. Vi kjende oss diskriminerte. Det vart snakka mykje politikk heime. Vi engasjerte oss. Og det skulle kosta oss mykje.

Onklane mine vart fengsla. Far min vart drepen då eg var 18 år. Han var med i ein demonstrasjon, og soldatar skaut han berre. Dei var ikkje ein gong spesielt ute etter han. Dei berre skaut etter demonstrantane. Det var ingen rettstryggleik for kurdarar, og det har ikkje blitt betre.

Trass i at eg ikkje fekk snakka kurdisk, likte eg skulen som barn. Eg likte å læra noko, og fekk gode karakterar. Men eg kom ikkje inn på det statlege universitetet. Det var ein ekstra prøve for kurdarar der dei spurte oss om identiteten vår, om språk, om nasjonalkjensla. Eg kunne ikkje lyga om noko som var så viktig for meg.

Familien min betalte ein studieplass på eit privat universitet der dei tok inn kurdarar. Eg studerte til kjemiingeniør. Men då det var eit halvt år att, måtte eg slutta, fordi eg dreiv med politisk aktivitet. Soldatane hadde drepe far min, eg kunne ikkje halda opp å kjempa for det kurdiske. Eg hadde gjort ferdig hovudoppgåva mi. Men eg fekk ikkje endeleg eksamen.

Same året vart eg fengsla og utsett for tortur. Torturistane slo ut tenner og øydela kjevebeinet mitt. Eg har framleis store smerter. Ein norsk lege granska røntgenbileta av kjeven min. Han sa at det ikkje var vanskeleg å skjøna at eg framleis har vondt.

Eg var i fengsel i tre år. Dei slo og sparka meg til blods. Ein gong låg eg på ei fuktig glattcelle og fekk infeksjonar som breidde seg frå føtene og vidare oppover. Heilt opp til livet hadde eg sår på sår. Eg fekk feber og var svært sjuk.

Ein onkel som var forretningsmann og hadde god råd, kausjonerte slik at eg fekk permisjon frå fengselet nokre dagar. Han hadde planlagt flukt for meg. Eg vart smugla over fjellet til Tyrkia. Vi rei på hestar, tre-fire mann i følgje. Det var frykteleg å ri, med alle såra på kroppen. Nokre kilometer inn i Tyrkia vart vi frakta vidare med bil.

Eg kom til Istanbul og ville reisa til Europa i ein lastebil. Men vi vart stansa på grensa, og sendt tilbake til Tyrkia. Eg prøvde på nytt. Vi var fleire mann som vart stua saman i ein bil. Vi sat i eit lite rom med bøygde ryggar i fleire dagar, og levde berre på vatn og kjeks. Vi var stressa og redde. Slik kom vi oss inn i Tyskland.

I Norge var mor mi og fleire brør som hadde fått opphald tidlegare. Eg ville dit, og heldt fram på reisa sjølv om eg var sjuk. Eg registrerte meg som asylsøkar i Oslo. Eg var glad og hadde store planar. Det er 14 år sidan.

Eg såg fram til eit nytt liv, begynte på språkkurs og fekk arbeid. Men så fekk eg avslag på asylsøknaden. Det var som om livet fall i grus att. Eg kunne ikkje reisa attende, men eg fekk ikkje bli. Kvar skulle eg gjera av meg?

Eg prøvde å reisa til Canada, men vart stoppa. Eg hamna på asylmottak i Norge att. Eg har budd på mange asylmottak desse åra. Eg har søkt og søkt. Eg har vore gjennom tallause intervju. Eg har anka. Eg har venta og venta. Eg skjønar det ikkje. Eg kan ikkje dra attende.

Eg vil jobba, eg kan jobba, men får ikkje lov. Før jobba eg målbevisst med språkstudia, og hadde arbeid å gå til. Det var fint. Det gav livet mitt meining. Eg følte at eg var til nytte.

Men då eg fekk avslag, vart alt mørkt. Eg var ein flink språkelev, no snakkar eg dårlegare norsk enn eg gjorde etter at eg hadde vore her i tre år.

Mange eg kjenner, jobbar svart, men eg vil ikkje bli utnytta. Eg er stolt. Eg vil ha skikkeleg arbeid. No orkar eg ingen ting, har ingen plan for dagen.

Før kjende eg meg trygg her. No får eg høyra at politiet har vore og rota gjennom tinga mine mens eg var ute. Slike hendingar gjer meg utrygg. Eg har ikkje gjort noko ulovleg.

Eg vaknar om natta og tenkjer på framtida. Eg tenkjer på det om dagen òg. Eg veit ikkje kva som kan skje med meg. Eg har mareritt. Brått vaknar eg opp og hugsar då vi vart vekte klokka fire om natta i fengselet, og måtte ut for å sjå på at nokon vart avretta. Vi skulle bli redde. Eg er framleis redd. Og smertene frå torturen er der heile tida.

Eg skjønar ikkje at dette vart livet mitt. Eg har jo berre dette livet her på jorda. Kvifor skulle det bli slik?

Eg har mist alt håp. Eg skal senda ein ny søknad om opphald, men eg orkar ikkje å håpa lenger.



**ANNE LISE RØNNE**

An object that is home to me must be woolen socks. In my family, they have always been an indisputable necessity, reminiscent of simple joy, bustle and love. My father wore them throughout the year, even in his sandals in the summer.



**JUDITH ARUPA**

To give, to receive, to appreciate

# EG ER SEELA

Odveig Klyve

*Kvinne 33 år,  
frå Afghanistan,  
seks år i Norge,  
har fått asyl.*

Eg er Seela, eller eit anna namn.  
Eg er likevel den same,  
eller blir eg ein annan for kvar dag?  
Då eg kom hit bytte eg ut alt,  
namn, språk, gud.  
Enno vaknar eg opp om natta og er redd for  
at nokon frå heimlandet mitt skal koma  
og ta meg med.  
Dei sa at dei hadde gravplassen min klar,  
at eg ikkje skulle sleppa unna.  
Dei ville straffa meg  
fordi eg sjølv ville bestemma over mitt eige liv,  
fordi eg ville gjera mine eigne val.  
Eg ville studera.  
Eg ville velja ektefelle.  
Dei sa at eg var på ville vegar,  
at det ikkje var Guds vilje.  
Som kvinne kunne eg ikkje  
velja mitt eige liv.

Eg er Seela ,  
eller er eg ein annan?  
Eg trur ikkje  
på ein hemngud,  
ein rasande gud.  
Gud er større,  
og meir kjærleg.  
Dei eig ikkje Gud.  
Dei eig ikkje meg.

Eg er Seela.  
Eg er på veg bort frå den eg var.  
Og likevel er eg den same.  
Eg elskar det landet eg måtte reisa frå.  
Eg elskar familien min,  
brørne mine som vart hjernevaska av Taliban,  
mor mi som arbeider så hardt for å overleva.  
Eg saknar venene mine.  
Eg sørgjer over Zeinab  
som ville bli lege,  
men som døydde  
fordi faren var mot at ho studerte.  
Han kasta syre på henne  
slik at ho døydde.  
Ho miste livet,  
men han blir ikkje straffa.  
Kvifor må så mange lida i dette landet mitt?  
Kvifor er det så mykje sorg og galskap?

Om eg kunne reisa attende og hjelpa,  
om eg kunne forklara  
at det er feil å vera redd for at  
kvinner får kunnskap og fridom!

Eg sørgjer over mødrene  
som må gøyma seg inne bak tette gardiner,  
som aldri får bli kjent med verda utanfor.  
Om eg kunne dra tilbake, ville eg gjort det.  
Men eg veit at nokon straks  
vil hemna seg på meg,  
ta frå meg fridomen,  
ta frå meg livet.

Eg er Seela,  
eg vil vera glad,  
sjølv om sorga alltid vi bu i hjarta mitt.

Eg fortel den vesle sonen min  
om det vakre landet han ættar frå.  
Eg fortel han om då eg vandra over  
åkrane og i frukthagane som barn.  
Eg fortel han om dei høge fjella og dei fossande elvane.  
Men eg fortel han ikkje at eg såg alt dette fordi  
eg lurte meg ut når mennene ikkje såg meg.  
Eg fortel ikkje at tantene mine stod vakt og kviskra:  
No kan du gå, no er det ingen menn her!  
Og eg sprang ut med burkaen over hovudet.  
Ein gong fekk eg eit eple av ein bonde,  
enno hugsar eg den friske, syrlege smaken.  
Eg husar lyden av vatnet som rann,  
eg hugsar dei store trea,  
dei nypløgde åkrane.  
Eg hugsar den intense gleda,  
og angsten,  
korleis hjarta mitt banka  
fordi eg var redd for at  
ein av onklane mine skulle oppdaga meg.

Eg er Seela,  
eg elsker det landet eg vart fødd i.  
Og no elsker eg dette landet  
som gjev meg sjansen til å pusta  
utan å bli redd,  
som gjev meg eit nytt liv.  
Eg vil læra meir,  
eg vil ha eit yrke der eg betyr noko  
for nokon.

Av og til undrast eg,  
kvifor viser ikkje menneska meir glede  
i verdas lukkelegaste land?  
Veit dei ikkje at det er grunn til glede,  
eller viser dei ikkje gleda slik at eg forstår?

Kan eg enno ikkje tolka alle teikna  
som dei talar med?  
Eg har lært alfabetet,  
eg har lært orda,  
men har eg lært kva som ligg bak orda,  
mellom orda, under orda?

Eg er Seela.  
Eg er ei som kom frå ei anna verd.  
No er eg her.



**CAROLINE ECKLY**

I was 14 when I left my parents' home. My littlest brother who was 3 years old gave me his cuddly toy. I sprayed it with my mother's perfume and I have had it with me ever since.



# DET ER SOM OM EG IKKJE FINST

Odveig Klyve

*Kvinne 23 år  
frå Somalia,  
to barn  
fire år i Norge,  
avslag på asylsøknad.*

Eg hugsar at eg var så hoppande glad  
då eg var stor nok til å begynna på skulen.  
Eg budde i ein liten landsby saman med  
far min og ein eldre bror. Det var berre oss.  
Mor mi døydde då eg var svært lita.

Eg likte å skriva og lesa.  
Men skulen reduserte karakterane mine  
fordi eg var frå ein klan med låg status.  
Dei frå dei høgare klanane måtte få  
dei beste karakterane .  
Det var urettferdig.  
Då eg var barn gret eg, då eg skjøna  
at det var slik.  
Men etterkvart godtok eg det,  
og las leksene mine likevel.  
Eg har drøymt om å bli lege  
sidan eg var lita jente.  
Eg har lyst til å redda liv.

Om mor mi hadde fått riktig legebehandling,  
kunne livet hennar ha vore redda.

Det vart meir og meir uroleg omkring oss.  
Bror min vart drepen då eg var 16 år gammal.  
Og Al Shabab ville bestemta over meg.  
Dei forlangte at eg skulle gifta meg med ein  
gammal mann som hadde tre koner frå før.  
Eg nekta, og skunda meg med å gifta meg  
med ein ung mann i landsbyen.  
Eg trudde eg ville få fred då.  
Men Al Shabab ville styra alt,  
dei sa at det ikkje galdt,  
at det ikkje var eit riktig ekteskap.

Mannen min flykta.  
Eg ville ikkje dra, men det vart for utrygt.  
Eg reiste etter han. Eg visste at han var i  
Skandinavia, men ikkje heilt kvar.  
Eg trudde han var i Norge, derfor drog eg hit.  
Det gjekk ei stund før eg fann ut at han var i Sverige.  
Det var ikkje så enkelt for meg berre å flytta dit.  
Men vi møttest. Eg vart gravid.  
No har eg to små døtrer.  
Forholdet til mannen min er ikkje så bra.  
Han er framleis i Sverige, og eg er her.

Eg søkte asyl med ein gong eg kom til Norge.  
Då var eg nitten år.  
Etter nokre månader fekk eg avslag.  
Eg måtte slutta på språkkurs.  
Eg fekk ikkje jobba.  
Eg hadde arbeidd i fire månader på ein kafe.  
Då eg ikkje fekk opphald, ville ikkje kafeeigaren  
betala meg for meir enn ein månad.  
Eg vart sint. Eg gjekk til politiet for å få hjelp.  
Men dei kunne ikkje hjelpe meg,  
sidan eg ikkje hadde personnummer.

Barna mine er fødte her og har fått opphald.,  
men eg har ikkje fått enno.  
Det kom ei kvinne frå UDI.  
Ho sa at eg måtte dra tilbake til Somalia,  
men barna mine kunne bli her.  
Eg vart så redd for at nokon kunne ta dei frå meg.  
Derfor godtok eg  
retur på vilkår av at barna blei med.

Eg underskreiv returneringspapir.  
Eg var så redd.

Men politiet ville ikkje la meg dra tilbake.  
Dei sa det var for farleg for små barn i Somalia no.  
Det var jo det eg hadde sagt heile tida.  
Det er farleg for alle. Al Shabab styrer.  
Så eg hamna på eit nytt asylmottak.  
No ventar eg på ei ny avgjerd.

Livet mitt var ingenting verd i Somalia.  
Eg hørte at Norge var eit bra land for kvinner,  
at dei var sjølvstendige der.  
Eg ville leva eit sjølvstendig liv.

Men det er vanskeleg å leva her  
når eg ikkje har personnummer.  
Eg får ikkje jobba, ikkje studera.  
Det er som om eg ikkje finst  
når eg ikkje har personnummer.

Korleis kan nokon seia at eg må dra,  
men barna dine må bli her?  
Eg skjønar det ikkje.  
Eg prøver å tru på eit betre liv  
for meg og, for døtrene mine?  
Kvar kveld syng eg for dei.  
Eg syng somaliske voggesongar  
og prøver å tru på at  
noko godt kan henda.

# EG HAR LYST TIL Å ROPA UT

**Odveig Klyve**

*Mann, 30 år,  
frå Irak,  
fire barn,  
to år i Norge,  
avslag på asylsøknad.*

Eg vaks eg opp saman med seks søstrer og tre brør  
i ein mindre by i Irak.

Eg hugsar barndomen min som lukkeleg.

Eg hadde storfamilien rundt meg.

Sjølv om det var mykje som hende i landet mitt,

kjende eg meg trygg.

Eg gifta meg då eg var 18 år.

Då eg var 19, fekk eg jobb i politiet,

og eg vart far til ei lita jente.

Vi budde i eit hus ved sida av foreldra mine.

Vi hadde det bra.

Men så vart alt meir og meir uroleg.

I jobben min var eg med på å arrestera  
ein korrump politiskar.

Folka i partiet hans trua med å hemna seg  
ved å drepa meg og familien min.

**DANIEL MARIBLANCA**

With them, I know where I come from. They are part of my past, my future and my present. Together we are the home. Cuqui, Nala, Davone and me.



Dei sende rakettar mot huset mitt og øydela det.  
Dei skaut gjennom huset til foreldra mine.  
Vi vart redde og bestemte oss for å flykta,  
med dei tre barna våre på 9, 6 og 3 år.  
Vi flykta til Tyrkia og deretter måtte vi ut  
på havet i ein overfylt gummibåt.  
Eg bad til Allah. Vi kom oss trygt i land.  
Vi drog vidare gjennom Europa med buss og tog.

Av og til måtte vi gå lange strekningar.  
Vi gøymte oss i skogane og kom oss over  
grensene om natta. Det var ikkje så lett,  
med tre små barn. Men vi ville overleva,  
skapa oss eit liv.

For 6 månader sidan fekk vi avslag på søknaden vår  
om opphald her i Norge. Det var hardt.  
Vi hadde akkurat fått det fjerde barnet vårt.  
Dei andre barna hadde begynt å kjenna seg  
trygge i skule og barnehage.

UDI meiner at vi ikkje har krav på vern.  
Men vi kan ikkje reisa attende.  
Eg blir drepne, barna mine kan bli drepne.  
Slik er det. Dei skjønar ikkje.  
Eller dei trur ikkje at vi snakkar sant.  
Dei vil senda oss tilbake til Hellas der vi kom i land.  
Då må vi begynna heilt på nytt.  
Det er så vidt eg orkar å tenkja tanken.

Vi dreg aldri attende til Irak.  
Der er det berre kaos og drap.  
Barna leikar og er glade her.  
Kvifor må dei missa tryggleiken sin på nytt?

Eg er så trøytt av å grubla.  
Vi ventar og ventar.  
Men håpet mitt er veldig svakt no.  
Eg vaknar kvar natt, og tenkjer på døden.  
Eg smiler til barna mine. Eg trøystar dei.  
Eg syng for dei og spelar oud.  
Eg tenkjer heile tida:  
Korleis kan eg gje dei ein heim, eit liv?

Kvifor er det ikkje plass for oss her.  
Var det ikkje ein irakar, Farouk Al Kasim, som  
var med på å byggja opp den norske oljeindustrien?

Financial Times kåra han til ein av dei som  
har skapt mest verdiar i Norge.  
Kvifor har ikkje dette landet råd til å la oss få bu her?

Eg lærer meg språket. Eg vil ta kva arbeid som helst, om vi berre slepp  
å bli sendt ut i ingenting.

Kvifor skjønar ikkje myndigheitene her at eg aldri, aldri kan dra  
tilbake om eg ikkje skal bli drepen,  
om familien min skal overleva.  
Eg har lyst til å ropa ut:  
Eg treng hjelp!

# KORLEIS KAN EG VERA GLAD?

**Odveig Klyve**

*Kvinne, 17 år,  
frå Somalia,  
18 månader i Noreg,  
har fått asyl.*

Eg budde i Mogadishu saman med fem eldre søstrer  
og to yngre sysken, ein bror og ei søster.  
Huset vi budde i, hadde berre eitt rom.  
Når det regna måtte vi hengja opp plastikkdukar  
over taket.

Far min døydde då eg var 8-10 år.  
Ein nabo ville gifta seg med ei av søstrene mine.  
Far min sa nei, derfor vart han drepen.  
Eg var glad mens far min levde.  
Då han døydde, vart eg trist.

Mor mi gifta seg på nytt.  
Den nye mannen hennar var ikkje snill med oss.  
Han slo meg når mor var ute på arbeid.  
Ho selde grønsaker på torget.  
Stefar min jobba ikkje. Han kjefta berre på oss.  
Storesøster mi laga mat når mor arbeidde.  
Eg måtte vaska alle kleda.  
Vi hadde ikkje vaskemaskin.  
Eg vaska alt for hand.



Etter at far min døydde,  
ville ein eldre fetter bestemta over oss.  
Han hadde funne ut at han kunne tena pengar  
på å gifta oss bort.  
Dei eldre søstrene mine flykta.  
Då dei hadde reist, ville han at eg skulle gifta meg,  
endå eg berre var 13 år.  
Eg ville ikkje, eg ville gå på skule.  
Mor sa òg nei.  
Fetteren min kom og skamslo meg, då eg nekta.  
Eg har enno arr, på føtene og på ryggen.

Mor mi skjøna at eg måtte bort.  
Ho kjøpte flybillett til Tyrkia for meg.  
Etter at eg kom dit, måtte eg klara meg aleine.  
Eg reiste frå Istanbul ut til havet  
for å koma meg vidare til Europa.  
Men eg vart arrestert, og var tre netter i fengsel.  
Så vart eg sendt tilbake til Istanbul.  
I tre veker budde eg der,  
før eg begynte å gå ut til havet igjen.  
Eg var forsiktigare og gøymde meg for politiet.

Eg kom meg ut i ein stor gummibåt  
saman med 50 andre.  
Vi la ut frå Tyrkia klokka sju om morgonen.  
Reisa tok heile dagen. Det gjekk hol på gummibåten,  
bølgjene vart større, og det begynte å mørkna.  
Vi var livredde alle saman. Ein stor båt nærma seg. Mannskapet var  
venlege. Dei tok oss ombord.  
Vi fekk mat og vatn. Slik vart vi berga.  
Vi vart frakta i land ved ein liten landsby  
og kom oss vidare til Athen. Der var eg i 3 månader.  
Eg var sjuk, og fekk hjelp og medisinar.

No har eg fått opphald i dette landet.  
Eg er takknemleg for det,  
men det er ikkje så lett å vera glad,  
når så mange her på asylmottaket  
har det vondt og er redde.  
Nesten kvar dag kjem politiet og  
hentar nokon for å senda dei tilbake.  
Korleis kan eg vera glad?

Eg er 17 år, men UDI har alderstesta meg  
og seier at eg er 20.  
Mor mi er sikker på at eg er 17.

Men dei trur ikkje på oss.

Eg tenkjer på mor mi heile tida.  
Eg er redd for at mannen hennar skal drepa henne.  
No bur han ein annan stad,  
og har teke med seg dei to barna deira.  
Men han kjem ofte attende og slår henne.

Snart flyttar eg til den kommunen eg skal bu i.  
Eg har fått plass på vidaregåande skule.  
Eg vil læra norsk og få meg eit arbeid.  
Kanskje kan eg bli frisør?

Om eg får barn ein gong, vil eg fortelja dei om naturen,  
om musikken, om maten i Somalia.  
Men ikkje om alt det vonde.



**DAWID LORENC**

Carrying chess with me throughout my whole life will always bring me memories of my parents and my home.

# SOM Å VERA I EIT FENGSEL

Odveig Klyve

*Mann, 39 år,  
frå Syria,  
18 månader i Norge,  
har søkt asyl.*

Eg er frå ein mindre by i Syria.  
Heilt frå eg var liten har eg alltid drøymt om å reisa.  
Men det var dyrt og vanskeleg å reisa langt.  
Derfor tok eg utdanning i økonomi og språk  
og fekk arbeid som turistguide i Aleppo.  
Det vart min måte å reisa på, og møta folk  
frå andre land, bli kjent med dei.  
Mange av dei eg møtte på som turistguide,  
har eg enno kontakt med.

Det var mykje eg meinte kunne vore annleis  
i styringa av landet mitt.  
Eg var med i dei fyrste demonstrasjonane  
mot regimet. Vi trudde på ei lysare framtid,  
at det nytta å løfta stemmene våre.  
Og så vart alt berre verre og verre.  
Eg fekk innkalling til militærteneste,  
og ville ikkje kjempa på regimet si side.  
Eg hadde ein kjærast, men skjøna at eg måtte dra.  
Eg flykta til Libanon, og trudde at den politiske situasjonen skulle  
betra seg. Det gjekk ikkje slik.

Det vart utrygt å vera syrisk flyktning i Libanon òg.

Eg drog til Tyrkia og vidare med båt til Hellas.  
Eg var ni månader der, før eg reiste vidare.  
Vi var så mange flyktningar, det var ikkje plass til alle.  
Eg gjekk gjennom store deler av Europa,  
og melde meg som asylsøkar i Norge.  
Eg var letta då eg kom. Eg trudde at eg kunne få bli her.  
Eg ville jobba, skapa meg eit nytt liv,  
og hjelpe familien min i Syria økonomisk.

Men eg har venta og venta på eit svar.  
At alt er så usikkert, gjer det tungt å studera norsk.  
Og eg får ikkje lov til å jobba.  
Eg berre går her, det er vanskeleg,  
Det er som å vera i eit slags fengsel.  
Eg blir lamma.



**EINAR NIKKERUD**

My adoption was a very bumpy ride, but when my loved ones got me home, my life could start. VHS, 41.31 min: Murmansk, Russia '92 - Kirkenes - Hurum.

# ALLE SPØR MEN INGEN FORSTÅR

*Kvinne, 62 år  
frå Eritrea,  
avslag på asylsøknad.*

**Odveig Klyve**

Eg har mange barn,  
men kom hit aleine.  
Eg orkar ikkje å snakka.  
Eg prøver,  
men orda flyktar.  
Eg vil fortelja,  
men setningane blir borte.  
Eg har fått avslag,  
og har søkt igjen.  
Eg ventar.  
Eg er sliten.  
Alle spør,  
men ingen forstår.

# EG VAKNAR OG TRUR AT DET ER KRIG

Odveig Klyve

*Kvinne, 15 år,  
frå Syria,  
17 månader i Norge,  
har fått asyl.*

Eg er oppvaksen i Damaskus.  
og har fire søstre som er eldre enn meg.  
Dei er gifte og har barn.  
Ei av dei er alt enke.  
Far min er død i krigen.  
Det var berre mor mi og eg som flykta.  
Eg veit ikkje kvifor vi flykta.  
Men det var krig over alt.  
Vi var redde.  
Det var lydar av gevær og bomber.  
Folk vart drepne.  
Hus fall saman omkring oss.  
Eg blir framleis skremt av skarpe lydar.

Mor mi og eg flykta til Tyrkia og vidare  
over havet i ein liten gummibåt.  
Den var full av folk.  
Det var altfor mange.  
Vi måtte sitja heilt stille.  
Det kom store bølger.  
Vi var veldig redde.



Då vi nærma oss kysten av Hellas  
vart folk urolege, og båten velta.  
Men heldigvis kunne vi vassa i land.  
Mor mi er sjuk, så det var så vidt ho orka.  
Då vi kom i land, var ho så dårleg at vi  
sat der i ro heilt til dagen etter.  
Dei andre gjekk vidare.  
Ho er hjartesjuk.  
Eg var redd for at ho skulle døy.  
Dagen etter kom det ein bil som  
vi fekk sitja på med.  
Slik kom vi oss gjennom Europa,  
med bil, buss, og tog.

Eg har nesten ingen vener lenger.  
I Irak er alle venene mine døde.  
Her er det vanskeleg å bli kjent med nokon.  
Eg går i ein vanleg klasse no, på ungdomsskulen.  
Men dei ertar meg fordi eg er muslim.  
Eg har fått ei veninne som og er muslim.  
Ho tek av seg hijaben før ho går på skulen.  
Ho orkar ikkje å bli erta.  
Eg har og begynt å gjera det,  
Men eg fortel det ikkje til mor mi.  
Eg vil ikkje gjera henne vondt.  
Ho er så sjuk.

Vi har akkurat fått opphald i Norge.  
Vi skal flytta til ein ny kommune  
og få ein heim der.  
Eg vil studera og bli lege.  
Eg vil redda liv.  
Eg vil redda livet til mor mi og andre.

Eg vaknar om natta og tenkjer på søstrene mine.  
Dei har det vanskeleg.  
Eg veit at mor mi og tenkjer mykje på dei.  
Eg skulle ynskja dei var her.  
Eg vaknar brått og trur at det er krig,  
at eg høyrer lydar av gevær og bomber.  
Men det er heilt stilt utanfor,  
Det er berre inne i hovudet mitt det er støy.

# NÅR EIN TALAR MED GEVÆR SKJØNAR EIN ALDRI KVARANDRE OG BLIR ALDRI SAMDE

**Odveig Klyve**

*Mann, 30 år,  
frå Kurdistan.  
tre månader i Norge,  
har søkt asyl.*

Eg vart fødd i ein stor by i Kurdistan, i den delen av landet vårt som er okkupert av Iran.  
Eg hadde mor og far, to søstre og ein bror.  
men ingen besteforeldre i nærleiken,  
berre ein onkel var i same byen som oss.  
Vi budde i eit tre etasjars murhus med ein stor hage.  
Eg hugsar den intense angen av blommar om sommaren.  
Eg hugsar lydane frå kjøkkenet der mor laga mat.  
Eg hugsar den livlege støyen frå gata utanfor.

Far min las mykje.  
I den øvste etasjen i huset vårt hadde vi eit bibliotek.  
Det var bøker som far hadde samla gjennom mange år.  
Han fortalde meg om desse bøkene, om historia,  
om kva språket betyr. Eg vart også glad i å lesa.

Far var lærar for ungdomar, og underviste i litteratur.  
Flere gonger vart han kritisert av dei som styrte fordi  
han lærte elevane sine om kurdisk litteratur også,  
ikkje berre den persiske. Men han heldt fram likevel.  
Han snakka heile tida om å ta vare på den kurdiske

kulturen. Han kunne ikkje slutta. Han ville ikkje.  
Han vart skoten av soldatane då han deltok i ein  
demonstrasjon for kurdisk sjølvstende.  
Det er elleve år sidan. Eg saknar han.

Eg studerte engelsk og vart også lærar.  
Så vart eg innkalla til militæret.  
Eg ville ikkje vera ein reiskap for regimet  
som okkuperer landet vårt, som drap far min.  
Derfor drog eg til Irak og melde meg til  
teneste som soldat for Peshmerga.  
Eg ville heller kjempa for eit fritt Kurdistan.  
Eg var der i 9 månader.  
Vi dreiv med politisk aktivitet og lærte oss  
våpenbruk for å forsvare oss.  
Men eg treivst ikkje der.

Når ein talar med gevær, skjønar ein aldri kvarandre og  
blir aldri samde. Eg trur på orda, på det å kjempa  
politisk med ord, for å bli høyrte, for å skapa forståing.  
Derfor reiste eg, frå Irak til Tyrkia, vidare med lastebil  
gjennom heile Europa, til Oslo der ei av søstrene mine  
bur. Ho kom hit for fleire år sidan.

Eg flykta for å få eit betre liv.  
Eg vil kjempa for at heimlandet mitt skal bli  
sjølvstendig, men ikkje med vald.  
Eg flykta for å overleva, for å bety noko for folket mitt,  
og for samfunnet der eg bur.

Eg vil studera statsvitskap og skriva, tala og kjempa  
gjennom skrift. Der eg kjem frå, er morsmålet mitt  
forbode. Eg vil kjempa for at alle som vil, kan bruka  
morsmålet sitt. Språk er så mykje, men fyrst og fremst  
er det identitet.

Eg snakkar kurdisk, persisk og engelsk. No lærer eg  
norsk. Det gjer noko med ein når ein lærer eit nytt  
språk. Eg endrar meg når eg lærer ein annan kultur å  
kjenna. Men likevel er eg kurdisk. Eg ber med meg  
tradisjonane, språket, litteraturen, historia, naturen til  
det kurdiske folket. Det vil alltid vera slik.

Men eg kan òg læra å bli norsk.  
Det eine utelet ikkje det andre.

Når eg lærer eit språk kan eg få meir direkte kontakt med dei som talar dette språket. Eg kan forstå meir. Eg er ny i dette landet. Enno kjenner eg ikkje så mykje til det norske samfunnet. Men eg vil læra.

Eg ventar på svar på asylsøknaden min.  
Eg er full av håp.



**JACK LORENTZEN**

The computer is home to me. I can skype and video game with my friends and family. When I miss them.

# MAGAZINE 5

Magazine 5 is about displacement and relocation. As in previous editions we have invited writers with different perspectives and experiences to reflect on these themes. This has resulted in a fine collection of texts that you can read in the next magazine, magazine 6. This time however, we have decided to dedicate magazine 5 to «Nine journeys», texts based on conversations between nine refugees and asylum seekers and author Odveig Klyve that took place in March 2017. They are short but powerful stories of people who carry with them in body and spirit the experience of displacement and the desire for a place to call home. The stories are accompanied by photos of things that remind the dancers of Carte Blanche of what “home” means to be them.

# ABOUT OUR MAGAZINES

This magazine features texts which address the same theme this production originates in. The magazine will therefore serve as a door opener to the performance and give you several possible interpretations, or the performance may serve as an introduction to the texts, adding colour to your thoughts about dance. Together, the performance and the magazine make up a choir of voices that we hope will form a greater whole, create dialogue and make your memory of the art linger.



**YOUSEF SBIEH**

Mohammed Ali & Nasser, 5 and 6 year-old street artists from Beirut. This is a postcard I bought from them after Nasser looked me in the eye and explained to me: "The original stays with me; I can give you a copy only". Each time I remember how mature and cold he was - I feel at home.



# NINE JOURNEYS

**Odveig Klyve**  
**(translated by John Irons)**

*Texts based on  
conversations with  
asylum seekers and refugees  
in Norway, spring 2017.*

**ODVEIG KLYVE**

is a Norwegian writer and film maker. She is the author of nine volumes of poetry. Her poems are translated into several languages. Klyve has written and directed short films selected for international film festivals in Europe, USA and India.

# I ONLY HAVE THIS LIFE

Odveig Klyve  
(translated by John Irons)

*Man, 41 years old,  
from Kurdistan,  
14 years in Norway,  
asylum application turned down.*

My best childhood memories have to do with snow.

In my country it could be really cold, colder than here. It was often right down to -40°C in the winter. And snow. We made tracks in the snow and tobogganed in long rows, many children after each other. We could play in the centre of town. There weren't so many cars back then.

In summer it was really hot. Then we often went out of town. It was so green everywhere, green forests, green fields, clear water and glittering mountains. We went to the villages. The villagers are hospitable. I remember the sweet, juicy tomatoes they gave us. They cultivated all sorts of vegetables there.

